



Norges Bygdekvinnelags Politiske plattform



Scan QR-kode
for digital
utgave.

Norges Bygdekvinnelag 2026

www.bygdekvinnelaget.no

Formålet vårt

Norges Bygdekvinnelag arbeider for levande og inkluderande lokalsamfunn. Vi er partipolitisk uavhengige. Vi er ein pådriver for norsk matproduksjon, likeverd, demokrati og mangfald. Vi styrker kvinner gjennom nettverk, kunnskapsdeling og praktiske aktivitetar med respekt for vår felles kulturarv og med blick mot framtida.

Gode liv i levande lokalsamfunn

Norges Bygdekvinnelag er ein frivillig organisasjon som er uavhengig av partipolitikk. Vi jobbar for aktive lokalsamfunn og for at alle skal ha like moglegheiter, uansett bustad. Internasjonal kvinnesolidaritet er også ein viktig del av engasjementet vårt.

Bygdene er ryggrada i storsamfunnet. Her skaper vi verdiar, forvaltar ressursar og står for viktig beredskap. Men det viktigaste av alt: Bygda er heimen og arbeidsplassen til ein stor del av folket. Arbeidet vårt er kvardagsberedskap i praksis.

Målet vårt er å skape gode liv i levande bygder. Det betyr mykje

å bu ein stad der alle kjenner nærleik og fellesskap. Som bygdekvinner inkluderer vi alle, vi bygger tillit og deler kunnskap. Vi veit at det å ta vare på både menneske, kultur og natur over heile landet er grunnen til at Norge er eit av verdas beste land å bu i.

Vår politiske plattform er delt inn i seks hovuddeler:

- Frivilligheit
- Offentlege tenester
- Kvinner sine rettar og moglegheiter
- Praktisk matkunnskap
- Berekraftig ressursbruk
- Matberedskap på naturen sine premisser

1. Frivilligheit

Frivilligheita er limet i samfunnet vårt. Frivillige organisasjonar løyser oppgåver og skaper møteplassar der folk trivst. Her møtast vi på tvers av generasjonar og bakgrunn for å dele engasjement, aktivitetar og opplevingar. Slike fellesskap skaper varme, inkluderande og levande lokalsamfunn for alle.

1.1

Beredskap og trygge lokalsamfunn

Frivilligheita er sentral for Norges beredskap. I krisetider er vi heilt avhengige av å kjenne og stole på kvarandre. Bygdekvinne s sitt arbeid med inkludering, praktisk matkunnskap og sosiale nettverk er kvardagsberedskap i praksis. Slik innsats bygger trygge og robuste lokalsamfunn. I 2025 vart Norges Bygdekvinnelag godkjent som ein organisasjon for mat- og omsorgsberedskap av Stortinget.

Vi meiner at:

- 1. Frivilligheita må med i alle planar.** Rolla vår i den sivile beredskapen må bli godtatt og tatt med i alt frå stortingsmeldingar til lokale planar.
- 2. Støtta til frivillig beredskap må aukast.** Organisasjonar som tek ansvar for tryggheita vår treng betre økonomiske rammer.
- 3. Mat- og omsorgsberedskap må prioriterast.** Justis- og beredskapsdepartementet bør auke støtta til organisasjonar som Norges Bygdekvinnelag.
- 4. Vi må sitje ved bordet.** Frivillige organisasjonar bør ha ein fast plass i beredskapsråda, både i kommunen, i regionen og nasjonalt.

1.2

Betring av frivilligheita sine kår

Det kostar pengar å drive frivillige aktivitetar og organisasjonar. Frivilligheita gjer mykje som det offentlege eller private ikkje kan løyse åleine. Skal vi halde fram å ta på oss viktige oppgåver i framtida treng vi varige ordningar. Statsbudsjettet må sikre frivilligheita ei stabil drift som gjer det mogleg å planlegge for framtida.

Vi meiner at:

- 1. Frivilligheita treng tryggerammar.** Frivillige organisasjonar må få gode og varige vilkår som sikrar eit levande organisasjonsliv i heile landet.
- 2. Full momskompensasjon skal vere ein rett.** Frivillige organisasjonar må få tilbakebetalt all moms på varer og tenester gjennom ei fast og trygg ordning.
- 3. Støtta til Norges Bygdekvinnelag må styrkast.** Den årlege støtta over statsbudsjettet må aukast og justerast i takt med prisauken.
- 4. Bygdekvinnene må inn på fleire budsjett.** Når vi jobbar med viktige oppgåver innanfor til dømes kultur og beredskap, må organisasjonen få støtte frå fleire departement enn i dag.
- 5. Frivilligheita må støttast med regionale og lokale midlar.** Kommunar og fylkeskommunar må legge betre til rette for frivillig arbeid gjennom auka økonomisk støtte.

1.3

Mangfald og inkludering

Mangfald gjer samfunnet vårt sterkare og rikare. Vi skal bygge fellesskap der menneske er inkludert, uansett kven dei er eller kvar dei kjem frå. Alle som bur i Norge skal ha dei same moglegheitene til å vere med og bidra i kvardagen. Frivilligheita har ei unik kraft til å skape engasjement og endring til eit betre samfunn.

Norges Bygdekvinnelag er ein viktig ressurs som skal brukast meir i det nasjonale inkluderingsarbeidet. Eit tettare og meir forpliktande samarbeid mellom det offentlege og frivilligheita er nødvendig for å lukkast. Frivilligheita skal ikkje ta over oppgåvene til det offentlege, men vere med på det som skaper ekstra tryggleik og tilhøyrse i lokalsamfunnet.

Vi meiner at:

1. Frivilligheita må inn i integreringslova. Lovverket må tydeleg vise kor viktig frivillige organisasjonar er i integreringsarbeidet.

2. Økonomien må sikrast. Frivillige organisasjonar treng eit trygt økonomisk grunnlag for å planlegge og gjennomføre gode tiltak over tid.

3. Kommunane må ha oversikt. Alle kommunane må ha oversikt over lokale

lag og foreiningar som kan gjere ein innsats for integrering.

4. Samarbeidet må vere langsiktig. Kommunane må invitere frivilligheita til fast og forpliktande samarbeid om integrering lokalt.

5. Frivillig arbeid må telje som kompetanse. Erfaring frå organisasjonslivet bør vege tungt når kvinner med minoritetsbakgrunn søker jobb og skal inn i arbeidslivet.

2. Offentlege tenester

Om folk skal bu og trivast i distrikta så må kvardagen fungere. Då må det vere butikk, skule, barnehage og helsetenester i nærleiken av heimen. Slike tenester er ryggrada i lokalsamfunnet og dei må vi ta vare på. For at bygdene skal vere attraktive for alle så treng vi også gode kollektivløysingar, eit rikt og variert kulturliv og tilgang til høgare utdanning i heile landet.

Vi meiner at:

- 1. Vi må eige våre eigne ressursar.** Lokalt og nasjonalt eigarskap til naturressursar og bedrifter er avgjerande for å sikre verdiane våre for framtida.
- 2. Husbanken må sikre bustadtilbod i distrikta.** Tilskot til bustadlån må aukast slik at det blir lettare for folk å bygge og bu i bygdene.
- 3. Offentlege tenester må vere nær folk.** Alle skal ha god tilgang til barnehage, skule og helsetenester, uansett kvar i landet dei bur.
- 4. Høgfartsbreiband til alle.** Stabilt og raskt nett er i dag like viktig som straum og vatn og må vere tilgjengeleg for alle.
- 5. Kollektivtilbodet må fungere i kvardagen.** Vi treng transportløysingar som er tilpassa distrikta, med enkle og smarte måtar å kome seg fram på.
- 6. Utdanning og kultur skal vere tilgjengeleg for alle.** Alle skal ha moglegheit til å ta vidaregåande utdanning og oppleve eit rikt kulturliv der dei bur.

3.

Kvinner sine rettar og moglegheiter

Norges Bygdekvinnelag meiner at alle skal ha like rettar og plikter til å ta del i samfunnet. Fellesskapet vårt blir sterkare og rikare når alle får bruke evnene sine. Når vi er likestilte i arbeidslivet skaper vi eit samfunn med meir kunnskap, kultur og tradisjonar. For oss er det viktig å bygge sterke band mellom kvinner her heime og å stå saman med bygdekvinner over heile verda.

3.1

Kvinneleg gründerskap

I distrikta våre er det mange moglegheiter til å skape jobbar av ressursane vi har rundt oss. Likevel ser vi at vegen til å starte eiga bedrift er for lang for mange kvinner. Sjølv om nesten fire av ti som ynskjer å starte for seg sjølv er kvinner, er det berre to av ti som faktisk gjer det. Slik kan det ikkje vere.

Vi treng ein politikk som satsar på kvinnelege gründarar, også dei med minoritetsbakgrunn. Når kvinner i distrikta lukkast med bedriftene sine skaper det ringverknadar for heile landet. Det gir fleire arbeidsplassar, auka busetting og levande lokalsamfunn som vi alle tener på.

Vi meiner at:

1. **Støtteordningane må treffe kvinner betre.** Det offentlege må syte for at ein større del av etablerartilskota går til kvinnelege gründerar.
2. **Norge treng eit eige gründerprogram for kvinner.** Vi må starte eit nasjonalt program som har som mål å få opp andelen av kvinner som startar eiga bedrift og sikre oppfølging over tid. Det kan løysast med ei mentorordning.
3. **Innovasjon Norge må satse på distrikta.** Midlar til kvinnelege gründerar som vil skape verdier i bygdene må prioriterast høgare enn i dag.
4. **Rettleiinga må bli betre for alle.** Innvandrar kvinner med gründerambisjonar må få god og tydeleg hjelp til å forstå lover og reglar i det norske næringslivet.

3.2

Eit likestilt arbeidsliv

Lik lønn for likt arbeid er grunnmuren i eit rettferdig arbeidsliv. Sjølv om vi har kome langt, er ikkje kampen vunne enno. Vi har endå ein veg å gå før alle — uavhengig av kjønn, bakgrunn eller funksjonsevne — får dei same moglegheitene til å bruke evnene sine. Norges Bygdekvinnelag krev ein kraftfull innsats for å skape eit arbeidsliv der det er plass til alle.

Vi meiner at:

1. **Heiltid skal vere hovudregelen.** Retten til heiltidsarbeid må inn i lovverket slik at fleire får den økonomiske tryggheta ei full stilling gir.
2. **Diskriminering i arbeidslivet må stoppast.** Vi treng eit sterkare lovvern og ei satsing på gode haldningar for å sikre at alle blir behandla likt når dei søker jobb.
3. **Folk må få bruke evnene sine der dei bur.** Oftefenge fagmiljø og kompetansesarbeidsplassar må i større grad flyttast ut til distrikta.
4. **Kvinner i landbruket treng tryggleik.** Dei som jobbar i primærnæringane må ha dei same rettane til velferdsordningar som alle andre i arbeidslivet.

3.3

Kvinner sin medverknad, livsvilkår og internasjonal solidaritet

Alle kvinner må ha rett til å bestemme over eigen kropp, eige liv og eigne ressursar. Slik sjølvråderett er like viktig i Norge som i resten av verda. Vald og overgrep mot kvinner og barn kan aldri akseptierast. Kvinner som deler eigedom eller bedrift med ein partnar må ha full oversikt over sine rettar og tilgang til juridisk hjelp.

Å styrke bygdekvinneene sin tilgang til kapital, eigedom og utdanning er ei investering i framtida. Når vi satsar på kvinner styrker vi samtidig familiane og heile lokalsamfunnet.

Vi meiner at:

1. **Kvinner sine røyster må høyrast.** Alle kvinner skal vere trygge og ha høve til å tale fritt og uttrykke seg i det offentlege rom.
2. **Retten til eiga helse er grunnleggande.** Alle skal ha kunnskap om eigne rettar og tilgang til god helse gjennom heile livet, både fysisk, mentalt og sosialt.
3. **Kvinner må ha tilgang til eigne ressursar.** Vi må sikre at kvinner får utdanning, rett til eiga jord og moglegheit til å ta opp lån, slik at dei kan produsere mat og skape trygge vilkår for seg og familien sin.
4. **Solidariteten må vere grenselaus.** Vi skal jobbe aktivt for å styrke kvinner sine rettar og livsvilkår over heile verda.

4.

Praktisk matkunnskap

Matkunnskap er kunnskap for framtida. Ved å bruke lokale råvarer og kjenne mattradisjonane våre står vi sterkare rusta for det som kjem. Skulle straumen gå eller butikkhyllene bli tomme må vi kunne bruke metodane som fungerte før elektrisiteten kom.

Vi treng kunnskap om tradisjonelle teknikkar for å konservere og lage mat over open eld eller med enkle hjelpemiddel. Ei stor satsing på praktisk matkunnskap for heile folket er avgjerande for matberedskapen i Norge. Slik innsats reddar liv og skaper tryggleik i kvardagen.

4.1

Mat og helse i skulen

Praktisk matkunnskap må få ein større plass i skulen. Gode vanar og praktiske teknikkar som ein lærer i ung alder varer heile livet. Gir vi barna våre denne kunnskapen i grunnskulen vil heile landet få betre beredskap i løpet av berre ein generasjon.

Barn og unge treng kunnskap for å kunne ta gode og sunne val i ein kvardag full av inntrykk. Slik læring er avgjerande for både folkehelsa og sikkerheita i landet. Når vi lærer dei unge å meistre maten, byggjer vi samstundes eit tryggare og sunnare Norge.

Vi meiner at:

1. **Lærarar i mat og helse må ha rett kompetanse.** Det må bli stilt tydelege krav til fagleg bakgrunn for alle som skal undervise barn og unge om mat og ernæring.
2. **Faget mat og helse treng fleire timar.** Skulen må setje av meir tid til undervisning, slik at elevane faktisk får lære dei praktiske metodane og kunnskapen dei treng.
3. **Skuekjøkkenet må få et økonomisk løft.** Vi må sikre nok økonomiske midlar til gode lokale, skikkeleg utstyr og råvarer av god kvalitet i undervisninga.

4.2

Kosthald og matvanar

Eit sunt folk er grunnlaget for ein god beredskap. I dag er eit dårleg kosthald ein av dei største helseutfordringane våre. Vi ser at stadig fleire blir ramma av livsstilssjukdommar som til dømes diabetes og fedme.

Skal vi snu utviklinga må vi starte med barna. Gode matvanar som blir lagt i barndommen har alt å seie for helsa resten av livet. Ved å gi dei unge ein sunn start er vi med på å bygge eit sterkare og meir motstandsdyktig samfunn.

Vi meiner at:

1. **Gratis skulemåltid må bli ein rett.** Alle elevar skal ha rett til eit sunt, dagleg måltid i skulen, og kravet må inn i lovverket.
2. **Sunn mat skal vere ei sjølvfølge i heile oppveksten.** Barnehagar og skulefritidsordningar må syte for at barna får servert næringsrike måltid kvar dag.
3. **Det offentlege må velje norsk og lokalt.** Sjukehus, institusjonar, skular og kantiner må så langt det er mogleg bruke norske og lokale råvarer når dei kjøper inn mat.

4.3

Immateriell kulturarv

Store delar av den levande kulturarven vår står i fare for å gå tapt. Gamle tradisjonar ber på viktig kunnskap om korleis vi kan leve godt og bruke ressursane våre på ein klok måte. Norges Bygdekvinnelag gjer ein stor innsats for å halde desse verdiane levande, spesielt gjennom å lære praktisk matkunnskap til nye generasjonar. Norges Bygdekvinnelag har status som rådgjevande organisasjon for UNESCO for mat-tradisjonar i Norge.

Styresmaktene må styrke arbeidet med å ta vare på tradisjonskunnskapen vår. I eit beredskapsperspektiv er slik kunnskap heilt avgjerande for at vi skal kunne klare oss i framtida.

Vi meiner at:

1. **Levande kulturarv må sidestillast med bygg og gjenstandar.** Tradisjonell kunnskap og matkultur må få same status og økonomiske støtte som fysiske kulturminne.
2. **Frivillige organisasjonar treng trygge vilkår.** Lag og foreiningar som held liv i gamle tradisjonar må sikrast klare vilkår og fast økonomisk støtte til arbeidet sitt.
3. **Vi treng ei eiga storting-smelding om immateriell kulturarv.** Regjeringa må ta initiativ til ein heilskepleg plan for å styrke den levande kulturarven i Norge.
4. **Norge må halde sine internasjonale løfte.** Vi må jobbe systematisk for å oppfylle vilkåra i UNESCO sin konvensjon om å verne immateriell kulturarv.

5.

Berekraftig ressursbruk

Kloden har nok ressursar til å dekke behova til alle, men ikkje alle sitt overforbruk. Samfunnet må i framtida byggast på ein fornuftig og lokal bruk av det vi har felles. Vi treng system som set berekraft først og kunnskap om korleis vi forvaltar naturen på best mogleg måte.

Samfunn og einskildpersonar må redusere forbruket, kaste mindre og utnytte alle ressursar fullt ut. Fleire av oss bør bli produsentar og ikkje berre forbrukarar. Å dyrke sin eigen mat, sy sine egne klede, bruke heile dyret og reparere framfor å kjøpe nytt er kunnskap som gir oss makt til å endre verda. Slik kunnskap er sjølve motoren i det grønne skiftet og den må støttast og delast av alle.

5.1 Kjedemakt og matmangfald

Forbrukarane fortener eit best mogleg utval av sunne, norske produkt. Skal vi få til eit lokalt mangfald må matkjedene regulerast strengare slik at vegen til butikkhyllene blir kortare. Særleg dei som produserer lokalmat, driv i liten skala eller satsar økologisk møter i dag store hindringar for å nå ut til kundane.

Kvalitet og produksjonskostnadar må vise att i prisen på daglegvarer. Ein større del av inntektene i verdikjeda må gå til primærprodusentane. Vi må også regulere kjedene sine egne merkevarer, fordi dei pressar ut uavhengige aktørar og gir mindre matmangfald og innovasjon i marknaden.

Vi meiner at:

- 1. Maktkonsentrasjonen i matbutikkane må brytast.** Styresmaktene må regulere matkjedene strengare og setje grenser for kjedene sine eigne merkevarer, slik at dei ikkje kvelar mangfaldet.
- 2. Lokalmat må bli lovfesta i offentlege innkjøp.** Kommunar og fylke må fylgje opp reglane for innkjøp av lokalmat. Kravet om å bruke norske råvarer må inn i lovverket.
- 3. Vi må vite kvar mjølet kjem frå.** Alle matvarer skal merkast tydeleg med både innhald og opphav. Det må bli eit krav om dette også for brød og bakevarer.
- 4. Butikkhyllene må vise heile mangfaldet.** Det må bli enklare for oss å kjøpe råvarer og stykningsdelar av sau, kje og høner. Likeins må det bli lettare å kjøpe frukt og grønt med litt «feil» på. Vi vil ha tilgang til norsk mjøl og plantevekstar gjennom ein mykje større del av sesongen.
- 5. Nærbutikken må sikrast.** Merkur-ordninga, som gjev livsviktig støtte til dei små daglegvarebutikkane i distrikta, må styrkast for å bevare levande lokalsamfunn.

5.2

Førebygging av matsvinn

Tradisjonell matkunnskap er nøkkelen til å bruke ressursane våre best mogleg. Vi sikrar god ressursutnytting i praksis når vi brukar heile dyret, frå hovud til hale. Kunnskap om korleis vi konserverer frukt, bær, kjøt og grønsaker hjelper oss til å ta vare på maten i lengre tid.

Auka kjennskap til norske kornsortar, til dømes bygg, gjer at vi kan bruke kortreiste råvarer i staden for importerte varer. Samstundes vil kunnskap om ville vekstar og naturen sitt artsmangfald gi oss eit rikare utval på kjøkkenet. Å ete lokal mat i sesong fjernar unødvendig transport og gir oss ferske råvarer. Det kan også medføre at mindre mat blir kasta.

Vi meiner at:

- 1. Samanhengen mellom mat og klima må bli tydelegare.** Styresmaktene må bli flinkare til å kommunisere korleis valet av lokale råvarer heng saman med miljøet og kloden si framtid.
- 2. Tradisjonsmaten må inn i klasserommet.** Kunnskap om norske råvarer og konservering må inn i læreplanane i skulen.
- 3. Kosthaldsråda må vere norske og praktiske.** Når staten gir råd om kva vi bør ete må dei ta utgangspunkt i norske ressursar, mat i sesong og kunnskap som faktisk kan brukast på kjøkkenet.

5.3

Berekraftig forbruk

Produksjon og fjerning av avfall krev enorme ressursar, enten det gjeld mat, klede eller andre varer. Både bedrifter og privatpersonar må redusere forbruket, reparere det vi eig og re-sirkulere det som er utslite.

Vi treng kortare avstand mellom dei som lagar varene og dei som brukar dei. Meir av det vi treng i kvardagen må kunne kjøpast lokalt, slik at vegen frå produksjon til butikkhylle blir så kort som mogleg.

Vi meiner at:

- 1. Det offentlege skal velje norske varer.** Gjennom innkjøpa sine har stat og kommune eit stort ansvar for å velje norske råvarer og produkt så langt det er mogleg.
- 2. Staten må heie på direkte handel.** Styresmaktene bør støtte salskanalar der produsent og forbrukar kan møtast direkte, slik at vegen blir så kort som råd for mat og andre lokale varer.
- 3. Organisasjonar som lærer bort praktisk kunnskap må få meir støtte.** Vi må styrke dei som jobbar med haldningsendring og spreier kunnskap om matlaging, reparasjon og berekraftig forbruk.
- 4. Det må løne seg å reparere.** Vi må gjere det billigare å ta vare på det vi eig enn å kjøpe nytt. Eit viktig steg er å fjerne momsen på sal av brukte klede og reparasjonstenester.

6.

Matberedskap på naturen sine premissar

Eit aktivt landbruk med bønder over heile landet er avgjerande for nasjonal sjølvforsyning og matsikkerheit. Landbruket skaper liv i bygdene og sikrar oss trygg mat. Vi treng ein politikk som aukar sjølvforsyninga og utnyttar norske ressursar betre i alle delar av landet.

Internasjonalt må bønder få betre tilgang til jord, lån, kunnskap og marknad. Retten til å bruke egne såfrø og lokale sortar må vernast. Alle folk og statar må ha rett til å styre sin eigen matproduksjon, slik at dei kan sikre nok og sunn mat tilpassa sin eigen kultur og sine egne ressursar.

6.1

Nasjonal matproduksjon og matsikkerheit

Norge er ansvarleg for å produsere vår eigen mat. Om vi skal vi oppnå reell matsikkerheit treng vi ein politikk som tek i bruk jorda over

heile landet. Vi må ha verkemiddel som vernar produksjonen og sikrar bonden økonomiske rammer til å satse på framtida.

For å auke produksjon av norsk matkorn har aktørane i verdikjeda for korn sett eit mål om at 90 prosent av matkornet vi brukar i Norge skal vere produsert på norsk jord innan 2030.

Ekte matsikkerheit betyr å verne matjorda, bygge opp beredskapslager og syte for eit aktivt landbruk basert på norske ressursar. Slik nasjonal råderett skaper eit samfunn som står støtt i møte med ei usikker verd.

Vi meiner at:

1. Tollvernet må styrkast.

Vi må verne produksjonen av matvarer som Norge har naturlege føresetnader for å lage sjølve.

2. Det skal løne seg å vere bonde. Bønder skal ha inntekt, velferdsordningar og arbeidsvilkår som andre grupper i samfunnet.

3. Det må produserast mat i heile landet. Dette sikrar vi med store og små bruk.

4. Matjorda må få eit absolutt vern. Vi krev ein nullvisjon for nedbygging av matjord, vi kan ikkje ofre framtidig matproduksjon for andre formål.

5. Beredskapslagringa må flyttast ut til distrikta.

Lagring av matkorn og såfrø må styrkast, og lagera bør fordelast både sentralt, regionalt og lokalt på gardane.

6. Matsuverenitet skal ligge til grunn for all handel.

Retten til å produsere mat til vårt eige folk må vere eit grunnleggande prinsipp for alle land.

7. Betre planar for produksjon av norsk matkorn.

Vi skal støtte tiltak for produsentane i norsk matkornproduksjon.

6.2

Miljøvenleg matproduksjon

Ressursane i jord, skog, fjell og hav skal brukast og bli tatt vare på i eit evigheitsperspektiv. Vi skal hauste av naturen utan å øydelegge øko-systema og hindre klimaendringar. Naturen skal kunne gi oss mat i all framtid.

Norge er et grasland med enorme utmarksbeite og lite dyrka mark. Vi må bruke desse naturressursane slik at vi er sjølvforsynte med kjøt og mjølk. Samstundes må vi produsere meir frukt, bær og matkorn som er tilpassa norsk klima og matkultur.

Maten bør produserast med minst mogleg import og mest mogleg på norske ressursar. Vi må legge til rette for lokal foredling og distribusjon. Vi treng andelslandbruk, småskala matproduksjon, marknadshagar og parsellhagar over heile landet.

Vi meiner at:

- 1. Norsk matproduksjon skal bygge på norske ressursar.**
Vi må auke andelen av norske råvarer i offentlege innkjøp og sikre at maten vår blir produsert på det jorda og naturen her heime kan gi oss.
- 2. Landbruket må bli rusta for eit klima i endring.** Vi må satse på nasjonal produksjon av frø og settepoteter, og utvikle korn, frukt og grønsaker som toler veret i framtida.
- 3. Beiteressursane og utmarka må brukst betre.**
Dei grovførbaserte næringane må styrkast og stølsdrift og seterkultur må bli sikra ei framtid. Samtidig må vi auke produksjonen av plantebasert mat tilpassa norske tilhøve.
- 4. Økologisk jordbruk treng ei reell satsing.** Det nasjonale målet om ti prosent økologisk produksjon må vi nå med målretta tiltak innan 2032.
- 5. Vi må sikre rekrutteringa til norsk landbruk.** Det må leggjast til rette for at unge bønder ser ei framtid i yrket og ynskjer å satse på matproduksjon over heile landet.
- 6. Matsvinn og plastbruk skal minke.** Vi må stille krav til mindre avfall og smartare emballasje i alle ledd — frå bonden og industrien til butikken og kjøkkenbenken.

6.3

Bruk av GMO

(genmodifiserte organismar) i matproduksjonen

Forbrukarane skal kunne stole på maten. Vi krev full kontroll over kva vi et, samstundes som vi må verne om naturen sin eigen balanse. Trygg mat tyder naturlege råvarer frå ein produksjon som tek vare på helse og miljø for framtidige generasjonar. Ei restriktiv line til genmodifisering sikrar både matsikkerheit og biologisk mangfald.

Vi meiner at:

- 1. Føre-var-prinsippet må styre all framtidig GMO-regulering.** All forvaltning av genmodifiserte organismar skal prioritere helse, miljø og naturen sin langsiktige balanse før kortsiktig gevinst.
- 2. Regelverket må omfatte alle former for genredigering.** Lovverket skal gjelde for samtlege genmodifiserte organismar, inkludert ny teknologi for genredigering. Vi må ha ein heilskapleg kontroll med alt som blir sett ut i naturen eller blir brukt i mat.
- 3. Uavhengig kontroll og sporing må lovfestast.** Styresmaktene skal sikre at alle GMO-ar går gjennom uavhengige risikovurderingar. Det må bli stilt strenge krav til sporing og kontinuerleg overvaking ved utsetting i naturen.
- 4. Retten til GMO-frie val må sikrast gjennom tydeleg merking.** Alle må ha rett til å velje GMO-frie frø, dyr, fôr og matvarer.

Vedtatt på landsmøtet 2026 i Drammen.

Bygdekvinnelagets etiske kjøreregler

Vi skal respektere hverandre

Vi skal være åpne og ærlige

Vi skal vise engasjement

Vi skal være lojale mot avtaler og
beslutninger

Vi skal skape trivsel, stolthet
og glede